



Fylkesmannen i Hordaland

NORDHORDLAND OG GULEN IKS
Kjekvdalen
5956 Hundvin

Bergen, 6. april 2018

Sendt på e-post til: post@ngir.no

Dykkar ref.:
Bjørn Berg

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/3411-472
Sakshandsamar:
Silje Tingstad

Rapport frå inspeksjon ved NGIR Mjåtveit gjenvinningsstasjon

Kontrollnummer: 2018.042.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Bjørn Berg og Ole Vabø

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Silje Tingstad og Hallvard Hageberg

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved NGIR Mjåtveit gjenvinningsstasjon 21. februar 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekkja 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Handtering av farleg avfall
- Internkontroll

Avvik er nærmere omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

6. april 2018
dato

Silje Tingstad
overingeniør

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Kopi til: Meland kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: NORDHORDLAND OG GULEN IKS	
Organisasjonsnr.: 974702568	Eigd av: 856167402
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 - Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: NGIR Mjåtveit gjenvinningsstasjon	Anleggsnr.: 1256.0045.01
Kommune: Meland	Fylke: Hordaland
AnleggAktivitet: Avfall - mottak, mellomlagring og sortering	
Løkke gitt: Regulert av avfallsforksifta kap. 11 vedlegg 3	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overholdne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for mottak og mellomlagring av farleg avfall. Aksjonen er landsdekkande.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Farleg avfall: mottakskontroll, journalføring, handtering, lagring, vidarelevering, finansiell sikring
- Utsleppskontroll
- Internkontroll: avvikssystem, risikovurdering, beredskap

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglante etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

NGIR Mjåtveit gjenvinningsstasjon pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at NGIR Mjåtveit gjenvinningsstasjon innan 15. juni 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Silje Tingstad.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt munnleg til verksemda 21. februar 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder utan løyve etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må NGIR Mjåtveit gjenvinningsstasjon betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagan til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Handtering av farleg avfall er mangelfull

Avvik frå:

Afvallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 3:

- punkt 6.2 om sikring mot forureining - førebygging
- punkt 9 om journalføring

Kommentarar til regelverket:

Sikring mot forureining - førebygging

Verksemda plikter å gjennomføre nødvendige tiltak for å unngå at forureining skal oppstå. Farleg avfall som oppbevarst før levering/henting før handsaming eller anna disponering, skal sikrast at det farlege avfallet ikkje medfører avrenning til grunn, avløpsnett eller anna recipient.

Journalføring

Den som driv mottaksordning for farleg avfall skal føre journal som omfattar alle nødvendige opplysningar om farleg avfall. Journalen skal innehalde opplysningar om mengde farleg avfall, typar farleg avfall, deklarasjonsnummer, kvar avfallet kjem frå, mv. Det er viktig for å ha oversikt over avfall på lager.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Sikring mot forureining - førebygging

Det var sluk i golvet i lageret for farleg avfall, med utslepp via oljeutskiljar. Utsleppsrøret er slik plassert at sòl av inntil 25 liter vil bli samla opp før noko renn over til utslepp via oljeutskiljaren. Det vart opplyst at dei oftast kostar lageret, men at dei må spyle lageret kvar eller annankvar månad. Verksemda hadde ikkje oversikt over vassforbruket frå spyllinga. Verksemda trudde avløpsvatnet gjekk til kommunalt nett.

Verksemda hadde ikkje oversikt over oljeutskiljaren sin plassering eller kvar nødventilen var plassert.

Journalføring

Verksemda fører ikkje journal over avfallet som til ein kvar tid er på gjenbruksstasjonen på Mjåteit. Det vart opplyst på tilsynet at journal for gjenbruksstasjonen på Mjåteit vert fylt ut etter kvart som avfallet vart vidarelevert til anlegget i Kjevikdalen.

Deklarasjonar for farleg avfall frå gjenbruksstasjonen vart fylt ut av sjåføren som transporterte avfallet.

Avvik 2

Internkontrollen er mangelfull på ytre miljø

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Kommentar til regelverket:

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planer og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Det vart opplyst på tilsynet at dei trudde dei hadde risikovurdering for ytre miljø for miljøstasjonen, men verksemda kunne ikkje vise fram risikovurderinga ved tilsynet.

7. Andre tilhøve

Informasjon om handtering av vindauge som inneholder ftalater og asbest

Vindauge som ikkje er farleg avfall på grunn av innhald av PCB- eller klorparafin kan innehalde ftalater eller asbest (Thermopane-vindauge). Miljødirektoratet har i samband med aksjonen opplyst at dei på generelt grunnlag ikkje har tatt stilling til om desse vindauga er farleg avfall. Fugene vil ofte vere farleg avfall, men det er usikkert om heile vindauge er farleg avfall. Desse vindauga må likevel handterast forsvarleg. Dersom desse vindauga blir kasta i restavfallet vil vindauge knuse og det vil vere fare for at vindauge kjem over grenseverdien for farleg avfall. I tillegg kan eksponeringsfaren for asbest auke. Slike vindauge skal derfor ikkje kastast i restavfallet, men leverast heile.

Informasjon om lagring av EE-avfall

Lagring av EE-avfall var ikkje tema under aksjonen. Vi vil likevel understreke at EE-avfall inkludert kvitevarer skal lagrast forsvarleg. For dette avfallet vil lagring på fast dekke og skjerming for vær og vind normalt vere nødvendig. Lagring av avfallet må risikovurderast.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- foreureiningslova
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta